

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien - nestleiar, Hilde Reitan, Olav I. Mjelva, Tove Leinslie
Gro Marie Svidal – 1.vara på sakene 17, 22 og 23: , Gudrun Folkedal – 2.vara.
Linda Dyrnes – dagleg leiar; Ingrid Stuhaug, tilsettes representant, Marit Vestrum under sakene 18, 19, og 25.

Tid: 16.mars kl.10-16

Stad: Våre lokalar i Schou-kvartalet

Referat

Styresak 2016/15 Innkalling og sakliste

Styresak 2016/16 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport, inkludert Folkelarm
- b) Rekneskap 2015
- c) Folkelarmprisen – resultat av revideringsarbeid
- d) Budsjett 2016 – orientering om status i arbeidet
- e) Diverse

Styresak 2016/17 Godkjenning av årsmelding 2015

Styresak 2016/18 Årets lokallag

Styresak 2016/19 Framtida til Norsk folkemusikkfond

Styresak 2016/20 Resultat av spørjeundersøking om poenggjeving og rangering på Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Styresak 2016/21 Styrerrepresentasjon på Lanskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk

Styresak 2016/22 Søknad om å arrangere Landsfestival i gammaldansmusikk i

Styresak 2016/23 Eventuelt

Styresak 2016/15 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2016/16 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport, inkludert Folkelarm

- a. Rådgjeving/opplæring/service – oppsummering
 - i. Vi var på årsmøte i Buskerud folkemusikklag og Hedmark folkemusikklag
 - ii. Vi har arrangert seminaret "Gode tips til din Womex-søknad", seminarleiar Sigbjørn Nedland, tidlegare medlem i juryen for Womex.
 - iii. Tre frå administrasjonen har vore på By:larm og fått kompetanseheving gjennom mange seminar.
 - iv. Faktura for medlemspengar vert sendt ut om kort tid
 - v. Vore på lansering av appen Kulturfordel i regi av Norsk musikkråd.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landsfestival i gammaldansmusikk og Landskappleik:
 - 1. Vore på møte med arrangøren av LK 2018 i Trysil.
 - 2. Oppfølging av informasjonsarbeidet på arrangementa.
 - ii. Folkelarm
 - 1. Bestilt ny nettside for Folkelarm, med påmeldingssystem.
 - 2. Hatt andre møte i styringsgruppa.
 - 3. Møte med Laget for folkemusikk om samarbeid.
 - 4. Begynt arbeidet med seminar.
 - 5. Spredt informasjon om dato for arrangementet.
 - 6. Oppdatering av budsjett.
 - iii. Diverse anna
 - 1. Årets lokallag er sakshandsama
 - 2. Kurshelga var ferdig planlagt og annonser.
 - 3. Søkt tilskot til Meisterkonserten i operaen og arbeidd vidare med planlegginga.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Redaktøren er i rute med stoff til blad nr 2/2016, som blir eit spesialnummer for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.
 - ii. Det er valt ut medlemmer til gruppa som skal velje ut fotografi til ei fotoutstilling på Landskappleiken og Landsfestivalen. Dette blir ei retrospektiv utstilling med historiske bilete frå dei to arrangementa, i samband med at begge arrangementa har jubileum i år.
 - iii. Det er søkt om middel til spesialnummeret og til fotoutstillinga, og redaktøren venter svar innan utgangen av mars månad.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Var på kulturkaffekopp i regi av AP-gruppa i familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

ii. Vi har arrangert møte i arrangørforum. Norsk kulturråd var til stade.

e. **Særskilde satsinger**

- i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
 - 1. Kurshelga på Lillehammer er annonsert, påmeldingsfrist 15.mars. Vi har søkt landsdekkande VO-midlar, KOMP (fått 20 000), RFF, Furestifta mm.
 - 2. Folkedans
- ii. Formidling og informasjon
 - 1. INTROfolk: planlegging av lanseringsturné godt i gong, og turnéruta snart lagt. Vi har søkt prosjektstøtte frå Kulturrådet, FFUK og Fond for lyd og bilde, men ikkje har fått svar. Det er og gjort eit grunnarbeid på plateinnspeiling, men venter på svar frå dei same.
 - 2. Utøvarkatalogen: Vi har byrja å sjå på kva løysning vi skal velje, men vi gjer ikkje meir med denne saken før søknadane til INTRO-folk er avgjort.

b) **Rekneskap 2015 - saken er utsett**

c) **Folkelarmprisen – resultat av revideringsarbeid**

d) **Diverse**

Vedtak: Styret tok orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:

c) **Styret tok revideringane av Folkelarmprisane til vitande.**

d) Dagleg leiar er blitt med i ei ressursgruppe i Frivillighet Norge, som skal arbeide for å få meir rekruttering til frivillig arbeid. Dagleg leiar var saman med leiarane i fem andre organisasjoner i møte med statssekretær Fredriksen for å drøfte plassering av driftstilskot til våre organisasjoner. Vi har vore i dialog med NRK om satsing på folkemusikk etter overgangen til DAB.

Styresak 2016/17 Godkjenning av årsmelding 2015

Vedtak: Styret godkjende framlegg til årsmelding for 2015

Styresak 2016/18 Årets lokallag

Merknad: Det vart drøfta om Hilde Reitan var inhabil, da hun er medlem i Vågå spel- og dansarlag, men ettersom ho framleis ikkje er i styret, vart det konkludert med at ho var inhabil.

Vedtak:

De nominerte til årets lokallag er:

Tinn spelemannslag

Røros Folkedanslag

Vågå spel- og dansarlag.

Styresak 2016/19 Framtida til Norsk folkemusikkfond

Vedtak: Norsk folkemusikkfond vert lagt ned med verknad frå 2017. Dei siste åra har dei fleste søkerane vore til opplærings- og rekrutteringstiltak. Mange av dei andre prioriteringsoråda til Norsk folkemusikkfond dekkast av andre og større tilskotsordningar. Pengane som FolkOrg har lagt inn i fondet – kr 15 per vaksne medlem, vert difor overført til rekrutteringsstøtteordninga i FolkOrg. Både styret i Norsk folkemusikkfond og styret i FolkOrg er samde i det, og meiner då Norsk folkemusikkfond aldri vart registrert som ei stifting og FolkOrg no er einaste part, har desse styra fullmakt til å gjere det.

Styresak 2016/20 Resultat av spørjeundersøking om poenggjeving og rangering på Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Vedtak: Styret i FolkOrg vedtok desse endringane som eit resultat av spørjeundersøkinga om poenggjeving og rangering på Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk:

- a) FolkOrg innfører same poengskala i alle klassar og på både Lanskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk.
- b) Den øvste 1/3 av deltakarane rangerast med poengsum, resten vert ikkje rangert.
- c) Deltakarane i C-klassane kan få munnleg attendemelding frå dommarane om dei ønskjer det. Dommarane blir samde i formuleringar på førehand, men kan fordele arbeidet med å gje attendemeldingar imellom seg. Dei skal ikkje gi informasjon om plassering på dei som ikkje vart rangert.

Vedtaket offentleggjerast etter påske, saman med statistikken frå undersøkinga.

Styresak 2016/21 Styrrepresentasjon på Lanskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk

Vedtak:

Landskappleiken i Vågå:

Per Øyvind Tueiten

Camilla Granlien

Helene Myklemyr Bolstad

Hilde Reitan

Thor Hauknes

Landsfestivalen i gammaldansmusikk:

Per Øyvind Tueiten

Helene Myklemyr Bolstad

Camilla Granlien

Tove Leinslie

Styresak 2016/22 Søknad om å arrangere Landsfestival i gammaldansmusikk i 2018 fra Sjåk Spel- og dansarlag

Vedtak: Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2018 vert tildelt Skjåk spel- og dansarlag.

Styresak 2016/23 Eventuelt

- a) **Kurshelga på Lillehammer:** Grunna for få påmeldte då fristen gikk ut må vi avlyse kurshelga på Lillehammer. Utdeling av prisen til årets lokallag finn stad under Meisterkonserten i Operaen om det lar seg gjøre.
- b) **Etnisk musikklubb 20 år:** Markering på Riksscenen 2.april. FolkOrg skal ha stand. Gro Marie Svidal helsar frå FolkOrg under konserten om kvelden.
- c) **Billettypar på Meisterkonserten i Operaen:** Vi har ikkje rabatterte billettar.
- d) **NRK og lokal musikk:** Det har stått en sak i Hamar Arbeiderblad om at NRK ikkje vil sende ukjend, lokal musikk om morgonen, då dei meiner lyttarane ikkje er mottakeleg for ukjend, lokal musikk då. Camilla Granlien skriv debattinnlegg på vegne av FolkOrg.
- e) **Arendalsuka:** Vi samarbeider med Norsk Jazzforum og Norske Konsertarrangørar om stand og eventuell debatt under Arendalsuka.